



Arkivnr: 2018/962-3

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland, Marianne Ose Askvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		20.03.2018

Ny tilskotsordning for elitekorps - innretting og kriteria

Samandrag

Fylkestinget vedtok 12.12.2017, i høve sak 105/17 «FYLKESBUDSJETT 2018, ØKONOMIPLAN 2019-2021» følgjande:

Tilskot til NMF og søkbar pott elitekorps

Fylkestinget gjev ei ekstraløyving til NMF Hordaland som det største korpsfylket i landet i høve 100-jubileum for NMF. I tillegg etablerer fylkestinget ei ny ordning med ein søkbar pott på kroner 300 000 som skal nyttast til eliteskorpsa innan brass og janitsjar i Hordaland.»

I denne saka vert det lagt fram forslag til innretting og kriteria for denne nye søknadsordninga for elitekorps. Sak om dette vart lagt fram for KIRU i møte 13.02.18, med vedtaket: «Saka vert utsett til neste møte. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at forslag til tildeling av reisestøtte vert innlemma i kriteria.» Reisestøtte er i denne utgåva av saka innanfor kriteria og det vert lagt føre ein modell for fordeling av reisestøtte.

Det er pr. dags dato 6 korps i Hordaland som er definert som elitekorps, 4 brassband og 2 janitsjarkorps.

Dokument med innretting og kriteria for ordninga er vedlagt saka.

Det er lagt opp til å lyse ut ordninga umiddelbart, med søknadsfrist 1.juni.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at saka har relevans for td. klimaavtrykk.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tilskotsordningar er sentrale verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR .

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til innretting og kriteria for ny søknadsordning for elitekorps slik dei ligg føre i vedlegget til saka.

2. Utvalet slutter seg til utrekningsmodellen for reisestøtte slik den er lagt fram i saka.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 05.03.2018

Denne ordninga skal stimulere til å vidareutvikle det kunstnarlege / musikalske nivået i elitekorpsa og støtte formidling av dette. Hordaland fylkeskommune gir som generell regel ikkje driftsstøtte til amatørorkester, då ein ser dette til å ligge utanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde. Elitekorpsa er i prinsippet ein del av amatørkulturen, men har eit særst høgt musikalsk nivå. Desse korpsa er ei svært viktig drivkraft for inspirasjon og kunnskapsformidling til barn, unge og andre deler av korpsfeltet. Det vert difor lyst ut midlar som kan støtte elitekorpsa sine særlege tiltak og såleis vere med på å stimulere til utvikling og formidling.

Det er lagt opp til å lyse ut ordninga umiddelbart, med søknadsfrist 1.juni. Då vil resultatane frå NM i både brass og janitsjar ligge føre.

Kven kan søkje

Dei som kan søke denne ordninga er amatørkorps (brass og janitsjar) for vaksne, som har kvalifisert seg til vidare deltaking i elitedivisjon i inneverande søkjeår eller har rykka opp frå 1. divisjon og deltek i elitedivisjonen året etter / påfølgande år.

Det er difor ei klart definert gruppe som kan søkje på denne ordninga. Det er per no 4 brassband og 2 janitsjarkorps i Hordaland som kvalifiserer for denne søknadsordninga.

Kva det kan søkjast om støtte til

Ut i frå føremålet og fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle ser fylkesrådmannen det som rett at ein legg vekt på utviklings- og formidlingstiltak i denne ordninga, i tillegg til at kan løyvast midlar til reisestøtte til meisterskap utanfor Hordaland.

Det skal ikkje kunne søkjast om midlar til ordinær drift av korpset, slik som løn av fast dirigent, leige av øvingslokale el.. Midlane i denne ordninga skal heller ikkje løyvast til investeringar slik som t.d. innkjøp og vedlikehald av bygg, utstyr og instrument.

Fylkesrådmannen tilrår at det skal leggjast vekt på tiltak som medverkar til kulturell utvikling og meirverdi når det søkjast om prosjekt- / tiltaksstøtte, som t.d.:

- Større konsertproduksjonar som har verdi for eit lokalt / regionalt publikum
- Bestillingsverk / arrangørproppdrag – bruk av lokale / regionale komponistar / arrangørar vert prioritert
- Fagleg utvikling, utover dagleg drift, for korpset sine medlemmer som hever korpset sitt nivå
- Lydfesting / publisering av musikk

Utrekning av reisestøtte og vurdering av prosjekttilskot/tiltaksstøtte

Den samla tilskotsposten vert delt i to; prosjekttilskot og reisetilskot. Av den samla tilskotssummen kan maksimalt 50 % nyttast til reisetilskot.

Det kan verte gitt tilskot til reisestøtte i høve deltaking i meisterskap utanfor Hordaland. Fylkesrådmannen føresleg at tildelinga av reisestøtte vert gjort ut frå ei kvantitativ fordeling med lik sum per aktive medlem.

Fylkesrådmannen føresleg følgjande utrekningsmodell for reisestøtte:

- Etter søknadsfrist vert alle søkjarane inkludert i ein utrekningsmodell der alle medlemmane i korpsa vert talt, uavhengig om korpset dei spelar i har søkt reisestøtte eller prosjekttilskot. Dette gir ein stykk-sum for kvart einskilde korpsmedlem.
- Dei elitekorpsa som søker reisestøtte vil verte tildelt denne sum per einskilde medlem frå utrekninga. Storleiken på reisestøtte til elitekorpset vil såleis vere avhengig av kor mange aktive medlemmer elitekorpset viser til i søknaden.
- Dersom det er eit eller fleire elitekorps som ikkje søker reisestøtte, vert den summen dei kunne ha fått i eit evt. reisetilskot overført til prosjektstøtte-delen. Dersom det er eit eller fleire elitekorps som ikkje søker reisestøtte vil det såleis vere meir enn 50 % som vert fordelt til andre tiltak / prosjekt.

Eit døme på denne utrekninga i praksis:

Det er i dag 6 potensielle søkjarar til denne ordninga. Dersom alle søker om reisestøtte, vil 150 000 kroner bli fordelt i reisestøtte til søkerane. Med eit samla tal på 250 medlemmer i søkjarkorpsa vil reisestøtte til kvart einskilde medlem verte 600 kroner. Dersom eit søkjarkorps har 35 medlemmer vil reisestøtta for dette korpset verte 21 000 kroner. Såleis vil dei som har mange medlemmer få meir i reisestøtte enn dei som har færre aktive medlemmer.

Vurderingskriteria elles er i all hovudsak dei same som i prosjektstøttnadsordningar som *kultur – amatør* og *kunst og kultur – profesjonell*.

Innrettinga med økonomiske krav, rapporteringsansvar ol. følgjer også same mal som desse ordningane.